

Merknad til høyrings sak vedk. utbygging i Mangersneset.

Me Øystein Halland og Margaret Halland,

har fått nabovarsel i saka grunna at me er eigarar av ei hytte i Mangersneset.

Me kjøpte denne fredede plassen for å få sleppa trafikk og støy. Dette prosjektet gjer at det for vår del vil vera svært negativt for oss med tanke på hytta og der me bur vil det verta enda verre enn det er i dag.

Me eig og ein einbustad langs fylkesvegen som går frå krysset og opp mot sentrum. Det at me ikkje har fått nabovarsel for denne eigedomen synes me er urovekkjande.

Me bur heilt inntil fylkesvegen og vert SVÆRT råka med ei så store auke av trafikk som dette prosjektet vil generere. Plangrense skulle vore endra til at den har med vegen heilt opp til sentrum.

I denne saka er det ein del ting me ynskjer å koma med merknad på og dette er ikkje i prioritert rekkjefølgje. Her meiner me at alt er like viktig å påpeika.

- Det finnes allereie ein heil del ledig tomteland i byggjefelt som er regulert og under etablering sentralt på Manger. Her er og infrastrukturen på plass.
- Med tanke på denne reguleringsplanen så stoggar plangrense på feil plass.
Planen skulle hatt med vegen heilt opp til senteret.
- Det **MÅ** vera eit krav at heile vegen er ferdig utbetra med fortau, bredde, forbikøringslommer og lys heilt til sentrum **FØR** ein får IG på eit eventuelt prosjektet.
- Alle som bur langs fylkesvegen og har utkøyring på denne vegen burde verta varsla om prosjektet og få ein moglegheit til å uttala seg. Me har barnebarn og går imellom husa her nede og kryssar difor denne farlege vegen med alt for mykje trafikk. Slik har me det i dag og det er FØR ei eventuell utbygging med ei så stor auke i ÅDT. Det vil og verta mykje meir støy for oss som bur så nerme. Me ynskjer ikkje denne trafikken velkomen, her er for mykje trafikk som det er.
- Dersom det vert etablert 24-26 bueiningar så vil ÅDT auke med 336-364 køyretøy pr døgn dersom ein nyttar vegdirektoratets regelverk.
- At prosjektansvarleg/Utbyggjar tenkjer at det er greitt med ei slik auke i antal bilar som skal ferdast fram og tilbake kvar dag i dette naturskjønne området. Trafikk vil gå rett gjennom fire gardstun som allereie har for mykje trafikk frå heilårsbustader + mykje hyttetraffic i helger og ikkje minst trafikk i forbindelse med båthamna på vår og sumartid.
- Vegen frå Mangersnes er klassa som Bk 8/32 - max lengde 15m veg, slik at større lastebilar ikkje kan køyra lovleg med/utan lass her. Her bør det opparbeidast ein gjennomføringsplan for korleis ein skal frakta eventuelle overskotsmassar, asfalt, maskiner til byggeprosjektet, materialar, takstein osv.

- Ser de skriv i saka at det ikkje skal vera overskotsmassar å køyra vekk, her vil me sjå den utrekninga som ligg til grunne for denne påstanden.
- Vegen og trafikken frå det nye tenkte bustadfeltet burde vore lagt ut frå feltet ein heilt anna plass. **Det bør vurderast og utarbeidast andre vegtrasear frå bustadfeltet.**
- **Det er eit freda område langs vegen** som ikkje må verta berørt, her må ein ha ein plan for korleis ein skal løysa utbetring av vegen i dette området.
- For bønder med gardstun og beitedyr langs vegen vil dei mista dyrebar beitemark viss vegen skal gjerast breiare, det skal og etablerast fortau og store/større forbiøyingslommer. Beitearealet er svært avgrensa i området og kan ikkje utvidast då det er vatn på eine sida og sjø på andre sida.
- Frå krysset startar det ein Fylkesveg med svært farleg veg allereie slik det er i dag. At utbyggjar tenkjer at ein ikkje skal gjerast nokon form for utbetringar der er ikkje akseptabelt.
Denne strekkingen har i dag mykje trafikk, både privat og næringstrafikk i forbindelse med kaien. For små skuleborn som skal gå eller sykla her vil dette vera ei svært farleg strekning, noko som har resultert i at foreldra har måtte køyra og henta borna.
Her må vegen gjerast breiare, fartsgrensa må ned, det må etablerast fortau og setjast opp veglys langs vegen.
Trafikk bilete i dag, her kan me nemna :
 - All dagleg trafikk frå Mangersnes bustader, hytter og båthamn.
 - Lastebåtar som kjem inn med asfalt, grus, sand, gjødsel, tømmer mm.
 Alle båtar vert tømd med store lastebilar og køyretøy.
 - Traktorar og lastebilar som kjem på kaien for å henta gardsrelaterte varer ifm. Felleskjøpet sitt lager av kunstgjødsel mm.
 - Bergen Røykeri har varetransport med lastebilar fleire gongar dagleg.
 - Alver kommune har eit nytt reinseanlegg på kaien
 - Gamle Manger Fiskemat har utleige til bilar og båtar
 - Det er to store utleigehus med fleire leilegheiter, hytter og bustadhus som og genererer trafikk
 - NGIR har og ein del trafikk ned mot kaien der dei kjem med store lastebilar med hengar.
 - her er svært mange turgåarar som går runden rundt kvar einaste dag.
 - skulane på Manger nyttar ein del av vegen på «strafferunden» ei løype dei nyttar når dei har «ute gym».
 - Når det er godt vær går og heile klassar frå sentrum langs den farlege fylkesvegen og heilt ut til sjøen i Mangersnes.
- Med tanke på utbygging skal det vera skule og barnehagetilbod, noko det ikkje er på Manger pr. d.d. Skulen på Manger er gamal og har sprengt kapasitet. Dei har allereie nytta «midlertidige» brakker i mange år for å få nok klasserom til borna. Trafikksituasjonen der er og kritisk pr. d.d.
Viss fleire foreldre skal på jobb, handel, levere/henta born i barnehage og på skulen vil dette forverra trafikksituasjonen.

- Fylkesvegen er utanfor planområdet men planen medfører sterk føring for korleis området Manger kai - Juledagane og uteområdet til Manger Barneskule og SFO vert svært påverka. Fylkesvegen grensar heilt inntil hagane/uteområdet og heilt i gjerdet til der borna leikar i friminutta.

Mvh
Øystein Halland og
Margarett Halland